

Til forvaltningsplanen for

L U S A H E I O M R A D E T

Rapport om tidlegare og nåverande
bruk av heieområdet

Framlagt av grunneigarane i Grasdalen,
Storådalen og Futen sameige,

Nilsebu sameige og

Hjelmeland Statsallmenning 25.2.1992.

TIL PLANUTVALET FOR FORVALTNINGSPLAN FOR LANDSKAPSVERNOMRÅDA
VORMEDALSHEIA OG LUSAHEIA

INNLEIING

Sameiga Grasdalen, Storådalen og Futen, gnr. 118 og 119 er eit heiaområde som strekkjer seg fra Rundemannen i vest, ved den gamle kommunegrensa mellom Årdal og Hjelmeland til fylkesgrensa i aust ved Storsteinsvatnet. Eigedomen ligg i tidlegare Årdal kommune og omfatta før Høgfjellscommisjonen i 1931 også det arealet som seinare har vore Årdal statsalmenning.

Eigedomen har idag eit totalareal på ca. 72.000 da.

Alt areal aust for Grasdalen ligg idag innan Lusaheia landskapsvernombråde. Sjølve Grasdalen er tatt ut av verneplanen på grunn av at denne er sterkt berørt av kraftutbygginga. Eit mindre areal vest for Grasdalen, Rundemannsheia, kjem under Vormedalsheia landskapsvernombråde.

Heieområda har 2 større dalføre. Grasdalen som går i sør - nord retning og Storådalen i aust - vest retning. I kring desse dalføra har vi Rundemannshei, Skutehei, Holmevasshei, Kilahei, Lusahei, Slettedalen, Odda hei, Sandkleivhei, og heia på sørsida av Storådalen.

EIGEDOMSTILHØVE

Frå gammalt av var det folk i Årdal som åtte desse heiane. Etter det ein kjener til var det i tida 1600 - 1650 at folk tileigna seg eigedomsretten til desse områda. Dette går fram av gamle jordabøker og rettsprotokollar frå denne tida. I 1840 kjøpte Ole Jensen Løgeland m/fleire ein del av denne heia og var den fyrste som fekk skøyte på eigedomen. Det vart utover på 1800-talet også kjøpt meir. Heilt i begynnelsen av 1900-talet kjøpte Johannes Laugaland og Ånen Laugaland kvar sin stor part av folk i Årdal. Seinare fekk Tore Laugaland kjøpa ein mindre del av dei. I 1989 og 1990 var den såkalla Hovda-parten for salg. Dette var frå gammalt ein del av Bergalandsparten. Dette vart kjøpt av oppsitjarane på Laugaland, etter den såkalla loven om gjenkjøp. Det vil seia etter det skyldforholdet som dei frå før åtte i heieområdet.

Det er nå bønder på Laugaland, Børge Laugaland gnr 45/1, Olav Laugaland gnr. 45/6, Nils Hauge gnr. 45/2 og Johs. Laugaland gnr. 45/3 saman med Ola Mæle gnr. 101/1 og Åsmund Sie gnr. 108/2, som begge har gardar i Årdal, som eig det vesentlege av eigedomen.

Ein del av den såkalla "Larsa-parten" (Lars Laugalands arvingar) høyrer til garden til Bernhard Laugaland gnr 45/10, Alvhild Warland og Jostein Laugaland gnr. 45/4 på Laugaland.

Resten av den parten, er på utanbygds-hender, hjå folk utan fast eigedom i Hjelmeland.

Den såkalla Futen er eit mindre område av sameiga Grasdalen og Storådalen. Den ligg i søre enden av Grasdalen. Denne delen omfattar Brogådalen og området mellom Sandkleivheia og Kroåna og Grasdalsåna etter nærmere beskrivne grenser.

Futen er i verdi, 1/8 part av skylda for heile sameiga og har eit anna eigar forhold enn Grasdalen og Storådalen. Futen vart drive i saman med resten av sameiga

Sameiga er fordelt på dei einskilde eigarane etter matrikkskyld.

All fordeling av inntekter og utgifter så som, erstatning etter linje- og kraftutbygginga fordeler ein etter skylda. Fellingsløyva vart og fordele etter skylda på dei einskilde eigarane. Bernhard Laugaland mottek løyva som tilfell "Larsaparten"

Eigarforholda for Grasdalen og Storådalen:

| | | |
|---|------------|-----------------|
| Olav Laugaland | 60,65/864 | deler |
| Børge Laugaland | 60,65/864 | " |
| Johs. Laugaland | 181,95/864 | " |
| Nils Hauge | 181,95/864 | " |
| Ola Mæle /Åsmund Sie | 89,00/864 | " |
| Lars Laugalands arvingar av denne har Bernhard Laugaland | 181,80/864 | " (Larsaparten) |
| Alvhild Warland/Jostein Laugaland | 21,60/864 | " og |
| | 17,80/864 | " tilsaman |

I tillegg kjem Futen der Olav Laugaland eig 1/6 del
Børge Laugaland eig 1/6 "
Johs. Laugaland eig 2/6 "
Nils Hauge eig 2/6 "

EIGARFORHOLDA for heile sameiga når Futen er lagt til:

| | | |
|---|------------|---------------|
| Olav Laugaland | 78,65/864 | deler |
| Børge Laugaland | 78,65/864 | " |
| Johs. Laugaland | 217,95/864 | " |
| Nils Hauge | 217,95/864 | " |
| Ola Mæle/Åsmund Sie | 89,00/864 | " |
| Lars Laugalands arvingar av denne har Bernhard Laugaland | 181,80/864 | " Larsaparten |
| Alvhild Warland/Jostein Laugaland | 21,60/864 | " og |
| | 17,80/864 | " tilsaman |

OMTALE OV OMRÅDET

GRASDALEN er ein 5 - 6 km lang graskledd dal som saman med Storådalen er dei beste beitedalane me har i våre heieområde. Begge desse dalane høyrer til sameige gnr. 118/119, Grasdalen,

Storådalen og Futen. Det er mykje lausmassar i Grasdalen slik at ein stor del av dalen er graskledd i motsetning til dei tilliggjande heiane som består mykje av blankskurt berg. Grasdalen har difor i alle tider vore nytta til beite og stølsdrift.

Nederst i dalen ligg det 4 stølsplasser, Brokålega, Futelega, Krolega og Presthidller. Desse stølane ligg på 620 til 680 m.o.h. Øvredals-lega ved Øvedalstjørn 2 - 3 km lenger opp i dalen ca. 800 m.o.h. og Gamlestøl i nord austre enden av Gamlestølvatnet ca. 825 m.o.h. Grunneigarane flytte med buskapen frå dei lågast liggjande til høgare liggjande stølar etter kvart som snøen for og beita vart best øvst i dalen. Det same gjeld også i dag då sauene blir sleppte nedst i dalen på føresommaren og trekkjer oppover etter kvart som sommaren kjem.

GAMLESTØL har i tillegg til å vera stølsplass også hatt ein svært viktig funksjon i forbindelse med jakt og fiske. Her er det 3 hidlarar som både grunneigarar og andre jegrar har lege i heilt fram til det siste. Gamle folk kan fortelja at det kom folk frå Ryfylkeøyane, ja heilt frå Vikedal, roande til Førre og gjekk vidare til Gamlestøl og låg her når dei jakta i dei omkring liggjande områda. Dette føregjekk på vinteren og våren og var vel nødvendig for at folk skulle overleva.

Gamlestøl hadde også ein svært sentral plass i den såkalla "REINSHONNVEGEN". Reinshonnvegen var den ferdelsvegen som "Austmennene" brukte mellom Setesdalen og Tøtlandsvik eller Førre. Vegen var oppdelt i dagsmarsjar med overnatting på stølar og hidlarar. Vegen er ein "kløvhestveg", og hadde utgangspunkt frå Tøtlandsvik vidare om Kleivaland, Austmannsskaret (Austmannshovudet) over heia til Gamlestøl som var første overnatting på vegen austover. Det same var tilfelle om utgangspunktet var frå Førre, men då det ikkje var mogeleg å koma ned til Førre med kløvhest måtte dei bera varene på ryggen til Gamlestøl der hestane gjekk i beite (stod og venta).

I Gamlestøl var det godt beite for hestane og her kunne dei ligga å venta om det var därleg ver. Vegen går vidare opp Gamlestøl dalen langs Skute, vidare på Sørvest-sida av Eidavatnet gjennom Krymlevatnet over Kvildalsdalen til Storsteinen som var neste overnattingsplass. Vegen gjekk så vidare mot Dyrskar, Bratteli og Setesdalen.

OM BEITEBRUK

Tidlegare beite det årleg ca. 1300 sau, 20 - 30 naut og 3 - 4 hestar i heiaområdet. I tillegg kom driftesmalen på veg til og frå Bykleheiane. Dei seinare åra har det vore 8-900 sau på beite i sameiga.

OM FISKE I OMRÅDET

I GAMLESTØLVATNET har det alltid vore stor fin fisk, som har vore ein viktig del av kosten både for dei som stølte, for jegrane og for dei som ferdast over fjellet til Setesdalen.

Vassdraget mot Gamlestølvatnet byrjar ved austre Skute som er ein fjellformasjon av fyllitt. Dette er som kjent ei kalkrik bergart som gjer at ein får ein gunstig surhetsgrad i vatnet som igjen gjer gode levevilkår for fisken. Det er fleire bekker med bra gyteforhold som renn inn i dette vatnet. Gamlestølvatnet, Øvre dalstjørna og elva i mellom er det som er igjen av dette fiskerike vassdraget i Grasdalen. Ved Ulla-Førre-utbygginga vart elva lagt i tunnel ved "Fossen". Elva nedanfor og Futevatnet er dermed tørrlagd.

Gamlestølvatnet har den siste tida vorte "overbefolka" og fisken har vorte mykje mindre. Dette på grunn av lite fisking og därleg utnyttelse av ressursar. Her burde ein ha sett i gang med kultiveringsarbeid for å få denne ressursen opp på det nivå den var tidlegare. Årsaka til at det har blitt slik er at ein har lega i andre enden av dalen og dermed har det vorte vanskeleg og kombinere fiske med andre gjeremål.

KROÅNA, Futebekken og Brokaåna som alle rann inn i Grasdalselva, er ved utbygginga lagt i tunell og dermed tørrlagde

BJØRNEDALSVATNET har det aldri vore fisk i og det er nå sterkt regulert.

Tidlegare var det fin fisk i Storådalen heilt aust til Kromsåkvelven. Etter kvart har dette vorte øydelagt på grunn av kraftutbygginga og ulovleg garnfiske. Ved Ulla-Førre utbygginga vart vassføringa i elva svært redusert. Det er nå bygt tersklar på fleire stader i elva. Levevilkåra for fisken er dermed betra vesentleg, om ikkje vatnet er for surt.

I Verhidler-vatnet er det og fisk av nokolunde bra kvalitet.

Vi kjenner ikkje til at det har vore fisk i Sprongavatnet og i Slettedalsvatnet.

REINENS BRUK AV OMRÅDET

Desse heie-områda er ein del av Setesdal/Ryfylke villreinområde og er oppdelt i såkalla villreinvald. Sameiga Grasdalen/Storådalen og Futen utgjer villreinvald 119. Dette er det største private villreinvaldet i Hjelmeland og er på 70.000 da godkjent areal. Ein del av fostringsflokkane som går aust for Blåsjø og Svartevassmagasinet om sommaren og hausten, trekker vestover mot Lusahei, Vormedalsheia og Årdalsheiane på vinterbeite i januar og februar alt etter kor mykje snø og nedising det er austpå. Før Blåsjø-utbygginga kunne det vera 5-600 dyr berre i Vormedalsheia, under og etter har det vore klart mindre, heilt ned mot 2-300 dyr. Ein tilsvarande trend hadde ein for områda vest for Nilsebuvatnet. Ein har dei 2 siste åra registrert ein viss oppgang igjen, og det er håp om

at dette kan halda fram. Dyra står i desse områda fram til månadsskifte april - mai. Då dreg dei attende til kalvingsplassane aust for Blåsjø og Svartevassmagasinet, berre ein del mindre bukkeflokkar vert att til hausten.

Reinen går fram og tilbake over Blåsjø og Svartevassmagasinet når det er islagt. Dei trekkvegane som reinen hadde aust-vest på sommarstid vart neddemde ved utbygginga. Det er berre passasje mellom Blåsjø og Svartevassmagasinet ved Storsteinsdalen (Djupetjørnsåsen - Sjonaråsen) Ein er då svært avhengig av at det står rein i dette området når trekken er frå vest dersom ein skal få rein til å trekkja vest for Blåsjø/Svartevassmagasinet på sommarstid. Det er desse forholda som er den direkte årsak til at det er mykje færre reindsdyr i heiområder vest for Blåsjø/Svartevassmagasinet etter utbygginga enn før. Dette har igjen ført til at minstearealet for fellings-tillatelsen har vorte sett opp og talet felte dyr og fellingsprosent har gått dramatisk ned under og etter utbygginga.

Reinens mogleheter for å kryssa dalføret som deler Vormedalsheia og Årdalsheia frå Lusaheia er gode. Reinens krysser Grasdalen om vinteren når det er minimal ferdsel av både grunneigarar og turistar. Ein veit at mellom Øykjalia og Storhidler - Nilsebuvatnet er det 15 - 16 ulike stader reinen går både sommar og vinter.

UTNYTTING AV JAKT

Eigarane av sameiga Grasdalen/Storådalen og Futen har så langt ein kjenner til, bakover i tida frå ca. 1840 og heilt fram til nå, vore svært aktive i forvaltninga av heiaområdet også når det gjeld jakt og fiske. Og ein har i alle år fordelt områda seg i mellom og hatt leger på ulike stader. Dei gamle låg i hidlarar og stølsbuer. Det var lega i Kvildalshidleren, Søra og Norda lega i Kromsåkvelven, Storådalslega og Verhidler, alle desse i Storådalen. I tillegg har me Slettedalshidleren, dei tidlegare omtalte legene Grasdalen og Gamlestøl.

I dag er dei forskjellige jaktlaga fordelt slik: Bernhard Laugaland sitt lag (Larsa-parten) ligg i jakthytte i Kvildal. Nils Hauge sitt lag i jakthytte ved Krymleosen. Mæle og Sie sitt lag i hytte ved Verhidlevatnet og Olav Laugaland og Børge Laugaland med sitt lag i Grasdalen og Johs. Laugaland med sitt lag i Grasdalen. Alle desse laga har lange tradisjonar med villrein-jakt.

Eldstemann, Olav Laugaland, er 84 år og har jakta så og seia kvart år sidan 1934. Samtlege av desse laga har mellom 23 - 57 års erfaring.

Talet på fellingsløyva har variert frå 35 dyr i 1970 og heilt ned til 10 i 1989, i 1991 fekk ein tildelt 14 dyr.

Valdet har så lenge det er ført statistikk og fram til Blåsjøutbyggingahatt ein fellingsprosent på over 90, som er den høgaste her i Hjelmeland.

Det talar for seg sjølv at desse grunneigarane etter kvart har tileigna seg kunnskaper og erfaring om reinens trekk-mønster og bruk av området sommar som vinter.

Valdet har 2 gonger anka avskytingsplanen for området vest for Blåsjø - Svartevassmagasinet for å få sett opp minstearealet. Vi meinte det var lagt opp til for hard avskyting av dei dyra som kunne vegen til desse områda. Grunneigarane har også i tur og orden i alle dei år Statsalmenningen har eksistert vorte nytta som medlemer og formenner i Årdal og Hjelmeland fjellstyre.

SMÅVILTJAKT

Det vart også drive rypejakt i området, men ein har til nå ikkje selt jaktkort for småvilt.

FERDSELSVEGAR TIL GRASDALEN OG STORÅDALEN

Driftarvegen frå Laugaland er den same som den tidlegare omtalte "Reinshonnvegen". Den går over fjellet frå Kleivaland. Turen over fjellet med sauedrifta tek gjerne frå 12 til 16 timer, alt etter ver og føreforhold. Det er ofte mykje snø over fjellet på våren og føresommaren og tungt å ta seg fram. Vegen vidare til legene i Storådalen og Kromsåkvelven gjekk gjennom Drepekvelven, Slettedalen, Sprongaknuten til Storådalen. Eller frå Slettedalen over Lusaheia til Kromsåkvelven. Dette var og kløvhestveg. Det er og ein snarveg som går frå Grasdalshytta langs Bjønndalsvatnet langs brotet til Nov, og vidare etter driftarvegen til Kleivaland. Det er ikkje mogleg å drive dyr etter denne veien.

Frå Årdal går driftarvegen gjennom Viglesdalen over Klinkehorten med overnatting i Stakken. Vidare gjennom Storhidlerdalen, Sandkleivheia til Storådalen. Til Grasdalen går vegen frå Stakken over Gunnarsdalane og Brokådalen.

Den gamle ferdavegen imellom Årdal og Setesdalen fylgjer driftarvegen til Storådalen. Vidare går den gjennom Kromsåkvelven, Kvildalsjuvet, Kvildal om Skafonna langs brotet ovafor Storsteinsvatnet til Storsteinen. Vidare om Gyvass og Dyrskar til Brotteli. Denne vegen var ikkje framkomeleg med kløvhest.

Vegen frå Gamlestøl til Førre vart i tidlegare tider lite nytta til driving av dyr. Berre når ein seinhaustes på ettersamling av sau vart overraska av mykje snø tok ein denne vegen heim. Dette er nå totalt omsnudd. Etter Ulla-Førre-utbygginga er det for grunneigarane i Grasdalen den mest nytta vegen. Det er berre dei store sauedriftene vår og haust som går over fjellet.

Vegen frå Førre til Glommedal gjer at ein i sommarhalvåret får ein mykje lettare og snarare transport av både folk og proviant til Grasdalen. Ein nyttar denne vegen både ved ettersyn av sau om sommaren og til å driva små saueflokkar på om hausten. Dette er og reiseruta for jaktlaga i Grasdalen. Proviant ber ein på ryggen fram til hytta. Transport av kjøt ned igjen føregår også på ryggen. Tidlegare nyttar ein kløvhest over fjellet til Kleivaland eller flytransport.

Før kraftlinene gjennom Grasdalen kom, kunne ein nyttar Gamlestølvatnet til landingsplass for fly. Seinare vart det Sprongavatnet som vart nyttar. Vi har berre dette vatnet innan sameiga som det går an og landa og ta av med fly på. Etter at vegen til Glommedalen kom har ikkje fly vorte nyttar.

Jaktlaget i Kvildal nyttar fly til Storsteinsvatnet eller går til fots frå Storvassdammen om Storsteinshytta og Kvildalsdalen.

Jaktlaget ved Krymleosen nyttar tidlegare fly til Krymlevatnet eller gjekk til fots frå Førre. Etter Ulla-Førre utbygginga er bil til Beinleivasskilen og båt vidare over Blåsjø og Krymle-vatnet det vanlege.

Vintervegen frå Laugaland til Grasdalen var fram til Ulla Førre - utbygginga frå Kleivaland gjennom Djupadalen og Bjørndals- vatnet. Denne vegen kunne under gunstige snøforhold kjørast med hest. Det er nå uråd for folk å ta seg fram her på vinterstid, då Bjørndalsvatnet er sterkt regulert og farleg å ferdast på. Me har nå i realiteten berre vegen over fjellet frå Fundingsland. Denne vegen går om Stakkstøl - Frigårdshei om Brendeknuten til Little Grasdalen (917) og Gamlestølvatnet. Dette er den absolutt sikraste vegen å ta seg ned i dalen for skiløparar, sjølv om mange vil få det vanskeleg også her.

Dette er og den einaste vegen ein under gunstige snøforhold og ved ein del graving kan kome til dalen med snøscooter. Dalsidene på vestsida av Grasdalen er svært høge, og er snøen hard er det farleg for folk å ta seg ned andre stader enn ved Little Grasdalen.

Vegen frå Førre vert ikkje brøyta lenger enn til kraftstasjonen i Øykjalia. Det vart ofte issvullar etter vegtraseen langs Vassbottvatnet og difor farleg å ta seg fram der. Vassbottvatnet er regulert og er ikkje "farbart". Elles er lia frå Glommedalen veldig bratt og vanskeleg å ta seg fram i på ski. Grasdalen er vanskeleg å ta seg fram til frå vest på vinterstid og difor har den vorte lite nyttar av grunneigarane om vinteren. Det er og få turistar som kryssar Grasdalen om vinteren.

Vegen frå Årdal til Storådalen og Verhidler vinterstid går etter driftarvegen, eller over Lyngsvatnet der det og er framkomeleg med snøscooter. Elles vart det ved tilsyn av sau og på jaktturar nyttar bil om Lyse og båt over Nilsebuvatnet.

TURISTRUTER

Stavanger Turistforening har hatt merka rute over Storådalen sidan ruta Nilsebu og Blåfjell vart oppretta ca. 1915 - 20. I 1972 vart det lagt ny rute frå Fundingsland over Grasdalen til Blåfjell. Det vart ny rute til Lyse Kraft si hytte i Grasdalen og vidare til Nilsebu.

Turistforeningen gjorde ein avtale med Lyse Kraft om leiga av hytta. Denne avtalen vart så godkjent på visse vilkår av grunneigarane.

Turistforeningen ynskjer nå i samarbeid med grunneigarane å flytta ruta mellom Grasdalen og Eidavatnet. Dei ynskjer å leggja ruta gjennom Drepekvelven, Slettedalskleiva opp Lusaheibrotet og over Lusaheia. Denne ruta vert beinare og kortare og ein håpar då at flest mogleg av turistane fylgjer denne ruta.

Grunneigarane har ikkje teke endeleg avgjerd om denne ruta, då andre trasear kan vera aktuelle. Ein ynskjer å sjå turistforeningens framtidige planar for rutenett i Årdalsheia, Vormedalsheia og Lusaheia under eitt før ein tek stilling til dette spørsmålet.

OM HYTTER

I sameiga finst det til saman 5 grunneigarhytter.

Grasdalshytta vart oppført i 1924. I denne hytta eig Nils Hauge 1/3 part, Johs. Laugaland 1/3 part, Børge og Olav Laugaland 1/3 part saman. Hytta er på ca. 22 m². Denne hytta ligg ved Presthidler i nedre enden av dalen.

Bernhard Laugaland, Jostein Laugaland og Alvild Warland har ei hytta oppført i 1938 på ca. 15 m² på same staden.

Nils Hauge har jakthytte ved Krymleosen.

Bernhard Laugaland har jakthytte i Kvildal.

Ola Mæle og Åsmund Sie har felles hytte ved Verhidlervatnet.

Laugaland, den 04.02.1992

For Grasdalen Storådalen sameiga

Olav Laugaland
Olav Laugaland

Johs. Laugaland
Johs. Laugaland

TIL PLANUTVALET FOR FORVALTNINGSPLAN FOR LANDSKAPSVERNOMRÅDA
VORMEDALSHEIA OG LUSAHEIA

NILSEBU SAMEIGE

Nilsebu strekkjer seg frå Nilsebuvatnet i vest til fylkesgrensa i aust, og frå grensa mot Storådalen i nord til kommunegrensa mot Forsand i sør.

Området er ope, mykje snaufjell, oppdelt av mindre dalar og vassdrag - Gråfollåna, Knutåna og Skoråna. Arealet er omlag 33000 da.

Storparten av området, unntatt sjølve Nilsebu, er med i Lusaheia Landskapsvernombordet.

EIGEDOMSTILHØVE

Nilsebu er frå gammalt ein del av Viglesdal. Det heiter at navnet kjem av at ein mann ved navn Nils Viglesdal

sette opp ei bu som vart brukt ved fiske og jakt, "Nilsabuå".

Området har vore i bruk til fiske, jakt og beite frå tidleg på 1700 talet.

Omlag 1850 kjøpte Reier Skogerbø Nilsebu. Reier, sonen hans Nils, og sonesonen Reier, brukte Nilsebu som beite med leigesmale frå 1850 til fram mot århundreskiftet.

Reier Skogerbø selde då Nilsebu til Jens Østerhus, Søren Schmidt og Gudmund J. Valheim.

Eigedomstilhøva er med åra blitt svært oppsplitta. Staten ved Njardarheim Veidemark er komne inn som eigar.

"Schmidt parten" er delt i to og "Valheimsparten" er nokså oppdelt. Største enkelt eigar er i dag Johs. Våge.

Tyngda av eigedomsretten ligg fortsatt til gardane i Årdal, Johs. Våge på Ristingsvoll, Olav Vestersjø, Sven Valheim og Kjell Gunnar Valheim på Valheim, og Sigbjørn Schmidt på Nedre Mæle.

FISKE

Det har alltid vore svært godt fiske i Nilsebu og Storådalen. "Nilsabuå" vart i første rekke sett opp som ei fiskebu og Nils Viglesdal bar og tilnavnet Nils fiskar.

Etter regulering av Nilsebuvatnet er fisket blitt sterkt redusert.

Serleg er gyteforholda øydelagt. Lyse Kraft er pålagt å setja ut småfisk, det bidrar ti at det fortsatt er fisk å få, og fiskens er av sers fin kvalitet.

I Storådalen har fisket blitt redusert, truleg på grunn av sur nedbør. Tilsiget frå Krymlevatnet er nå borte, det kan kanhenda heva ph noko?

Knutåna og Gråfollåna har vore fisketome. Det er i seinare tid sett ut fisk i Sandvatnet.

JAKT

Nilsebu har i alle tider vore eit godt villreinvald. Jakt har delvis vore utøvd av eigarane, men mykje av jakta har og vore bortleigd for lange periodar. Reinsdyr trekkjer over heile området og jakt føregår over alt, men serleg områda ved Øvre og Nedre Vassbotn, Vassrau og Tyske Botn, har vore "sikre" jaktfelt. Jegerane bur for det meste i Nilsebu, men Turistforeningen si hytte i Little Aurådal, ein hidler i Vassrau, og telt, har vore nytta som husvære. Jaktresultata har vore gode. Småviltjakt, serleg rype, har og vore vanleg i Nilsebu. Rypejakta har dei siste åra vorte svært populær.

BEITE

Det har vore samanhangande beitedrift i Nilsebu sidan 1700 talet. Frå 1850 till 1900 var det intensiv utnytting med leigesmale. Dei hadde då "leger" i Nilsebu, Vassrau og Tyske Botn. Det vart og drive stølsdrift i Vassrau. Seinare er det i hovudsak grunneigarane som har nytta beite, men med fast leigeavtale med Strandbuar for områda sør for Gråfollåna - Knutåna dei siste 20 åra.

FERDSELVEGAR - TURISTVEGAR

Vanlegaste vegen til Nilsebu var driftevegen gjennom Viglesdal Stakken - Storhidler - til Nilsebu. Frå Lysebotn gjekk og veg gjennom Stølsdalen over Lysestølane til Kleggjadalen og Nilsebuvatnet. Vidare måtte ein då bruka båt eller gå over Heiaraksla. Etter at bilvegen kom fram til Nilsebuvatnet, og serleg etter at vegen Sirdal - Lysebotn vart opna, er dette den mest brukte adkomst til Nilsebu for jegerar og tildels turfolk. Vinters tid er greiaste vegen fra Årdal, over Lyngsvatnet og Lysestølane til Nilsebu. Stavanger Turistforening har hytte i Nilsebu sidan 1911. Det har vore eitt knutepunkt i turistløypene. Det går løype Årdal - Viglesdal - Nilsebu. (Driftevegen) Lysebotn - Nilsebu, Nilsebu - Eidavatn og vidare, Nilsebu - Grasdal, Nilsebu - Little Aurådal (over Vassrau - Tyskebotn og Nilsebu - Grautheller (over Solhidlerheia - Svåhidler) Det har vore diskutert om ruta Nilsebu - Little Aurådal bør flyttast av di det lett kan bli konflikt med jaktinteressene i Reinsdyrjakta.

HYTTER

Grunneigarane har ei felles hytte i Nilsebu. Tanken har vore oppå å byggja 2-3 jakthytte lenger inne i heia, uten at det er teke noko standpunkt ennå.

GJØDSELFORSØK

Grunneigarane har gåande et gjødsel- og kalkings forsøk i Nilsebu for rein m.m.

Planutvalget for Forvaltningsplan
for landskapsvernombråda,
Vormedalsheia og Lusaheia.

Hjelmeland og Årdal Statsallmenninger vart oppretta i 1931. Ved kommunesamanslåinga i 1965 vart også desse to almenningane slegne saman til ein statsalmenning, Hjelmeland Statsalmenning. På grunn av at den delen av Hjelmeland Statsalmenning, som ligg på Aurahorten, ikkje heng saman med resten av statsalmenningen, har Hjelmeland Statsalmenning 2 gardsnummer:
- Hjelmeland Statsalmenning Gnr. 144 br.nr. 1
- Hjelmeland Statsalmenning, Aurahorten, Gnr 145 br.nr. 1.
Arealet er omlag 102.000 da.

Det området som er med i Lusaheia Landskapsvernombrådet, er gamle Årdal statsalmenning inklusiv Aurahorten, og er på 40.000 da.

Det er Staten ved Statens skoger, som er eigar av Hjelmeland statsalmenning. Til å stå for den daglege drifta, vel kommunen eit fjellstyre på 5 personar, med personlege varamenn. Berre personar som er busett i "gamle" Hjelmeland og Årdal kommuner er valgbare, og dei må vera busett her siste året. Det er ingen, iflg. tidlegare sjef for Statens Skoger, Knut Eiterheim, som har beiterett eller andre eksklusive rettar i Hjelmeland Statsalmenning.

Det er berre to statsalmenningar i landet som er fri for heftelsar, Hjelmeland Statsalmenning og ein i Sogn. I desse to almenningane kan ein sjå bort frå bestemmelsane i Fjellova, om grunneigarrepresentantar når fjellstyre skal veljast.

FISKE

Før Blåsjøutbygginga vart det fiska stor fin fisk i 3-4 vatn i Statsalmenningen. I 1975 vart det sett ut Canadisk bekkerøye og ørret i Eidavatnet. Særleg bekkerøya vaks fort, og det tok ikkje mange ára før ein kunne få fin fisk her. Statskraft byrja og å setja ut fisk i Blåsjømagasinet, og nå er det eit godt fiske i heile Blåsjø. I tillegg sette Hjelmeland Fjellstyre ut omlag 8.000 bekkerøyar i Eidavatnet og vatna i nærleiken. Dette var i

JAKT

Den jakta som verkeleg har tradisjon i Statsalmenningen, er reinsdyrjakta. For lang tid tilbake, lenge før Statsalmenningen blei oppretta i 1931, har her vore jakta. Jegerane tok seg inn i terrenget frå ulike stader, Årdal, Vormedalen, Førre og Jøsenfjorden. Nokon kom og frå Suldal og Bykle. Dei overnatta i "hidlerar", og jakta til dei hadde fått dyr, eller så lenge dei hadde mat. Dei mest kjende "hidlerane" i Statsalmenningen, som vart nytta, er Torbjørnsherberget, Jensahidleren, Vadlahidleren og Sanddalshidleren. Seinare vart her bygde hytter. Til dømes hytta på Fossen og Turistforeningen si hytte i Sanddalen (Blåfjellhytta). Då Ulla-Førreutbygginga tok til, fann Turistforen ingen ut, at dei måtte byggja ny hytte ved Eidavatnet, til erstatning for Blåfjellhytta. Hjelmeland Fjellstyre fekk då overta Blåfjellhytta. I leigekontrakten med Turistforeningen, står det mellom anna:

"Fjellstyre skal ha rett til å nytta hytta ved Eidavatnet for oppsynsteneste og til det arbeid Fjellstyret driv. I den tida reinjakta pågår, kan Fjellstyret forlange hytta stengt, eventuelt disponere den for jegerar."

Reinjakta i Statsalmenningen har alltid vore god, fram til oppdemminga av Blåsjø. Villreinutvalget for Setesdal - Ryfylke, ved viltkonsulent Kjos Hansen, skreiv i si tid: "Når ein ser bort frå oppdemminga av Blåsjø og derav stenging av trekkruter, er det ingen tvil om at Hjelmeland Statsalmenning hadde kome med i det som dei kalla sentralområdet".

Etter oppdemminga og utbygginga av vegen til Storevassdammen og Førevassdammen, har ein fått ei tilnærma helgejakt. Jegerane tek seg inn i terrenget med båt over Blåsjø, enten frå Førevass eller Beinleikilen. Då vannstanden i Blåsjø kan variere mykje, kan ein aldri bli kjent med grunnar og slikt. Dette er ei utvikling som Småviltjakta har teke seg sterkt opp dei siste 15-20 åra, og er idag den største inntektskjelda Fjellstyret har. Interessa for småviltjakt aukar for kvart år, og det er kanskje spørsmål om kva ikkje ynskjeleg.

BEITE

Fjellstyre leiger ikkje ut beite til nokon, då Statsalmenningen ikkje har naturlege várbeite. Likevel er her nok ein god del beitedyr frå dei omkringliggjande områda.

FERDSELVEGAR - TURISTVEGAR

Idag har ein gangveger inn i Statsalmenningen frå følgjande stader: Beinleidokkå, Storstein, Gamlestølen, Kvildal og om Bjønsi, frå Førre og Gilavatnet. Turistvegen mellom Gamlestølen og om Eidavatnet, videre til Storsteinhytta, har Turistforeningen planar om å leggje om, men her er ingenting avgjort.

HYTTER

Hjelmeland Fjellstyre har pr. dato fylgjande hytter/ jaktbuer i heile Statsalmenningen:
Blåfjellhytta, jaktbua på Fossen og disposisjonsrett til ei hytte i Beinleikilen.
For å få spreidd jegerane meir ut i terrenget, har Fjellstyret planar om nye hytter i den sørlege, vestre og austre delen av Statsalmenningen.
Utanom Turistforeningen si hytte ved Eidavatnet, finst det ingen hytter i verneområdet i Hjelmeland Statsalmennning.

Hjelmeland 10.2.1992

Hjelmeland Fjellstyre



Kjell Østensen
Formann